



Ove Herland
Mongstadvegen 826
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2269 - 17/32741

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
17.11.2017

Avvisning av søknad om dispensasjon frå vilkår i dispensasjon i sak 15/2269 - gbnr 126/4 Hope

Samandrag

Den 07.12.2015 vart det gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan og arealføremålet for å planere dyrka mark. Kommunen gav dispensasjon frå føremålet LNF og kravet om reguleringsplan for etablering av mellombels jordtipp som skal planerast ut som skildra i motteke planar, jf. pbl. §§ 11-6 og 12-1(3), jf. § 19-2.

Av dei vilkåra som var satt i vedtaket av 07.12.2015 nemnast følgjande:

- *Det kan maksimum tilføres 120 000m³ reine massar innanfor det arealet som er skildra på situasjonsplan datert 13.11.2015. Det er berre lov å ta imot reine massar*
- *All massetransport skal skje utanom offentleg vegnett. Kjøring med massar på offentleg veg er ikkje i tråd med dette vedtaket.*

Det vert vist til vedtaket av 07.12.2015 i sin heilhet.

Tiltakshavar har søkt om unntak frå vilkår i vedtak av 07.12.2015 om at all transport av lause jordmasser skal skje utanom offentleg vegnett. I tillegg vert det opplyst at mottak av masser frå Storemyra er utsatt på ubestemt tid og at det er ønskjeleg å mota reine masser frå nærområda til Mongstad istadenfor.

Det vert vist til søknad motteken 30.08.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.08.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato, 22.11.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad er definert som LNF (landbruk-natur og friluftsliv) samt deler av området er avsett til næringsverksemd.

VURDERING:



Det fylgjer av pbl. § 19-2 første ledd at kommunen kan gi varig eller mellombels dispensasjon frå «bestemmelser fastsatt i eller i medhald av denne lov». For saka er det uttrykket «bestemmelser» som er sentralt. Reint språkleg famnar uttrykket vidt, men der virker unaturleg og kunstig å karakterisere vilkår i eit løyve som «bestemmelser». Vilkår i eit løyve er følgjeleg ikkje bestemmelser. Vidare har kommunen adgang til å dispensere frå bestemmelser i loven , forskrifter eller planer gitt i medhald av loven. Adgangen til å dispensere er følgjeleg avgrensa til lova, forskrift og planer, jf. forarbeida til plan- og bygningslova § 19-2 Ot.prp. nr 45 (2007-2008) side 243 første avsnitt.

Søknad om dispensasjon frå vilkår i eit vedtak kan følgjeleg ikkje handsamast som ein dispensasjon. Det er ikkje heimel for å bruke pbl. § 19-2 på vedtaket av 07.12.2005.

Reelle omsyn talar og for ei slik løysing. Bruk av offentleg vegnett medfører auka trafikk på offentleg veg. Til massedeponering knytes det spesielle omsyn til verknaden tiltaket har for miljø og samfunn, sjå vedtaket side 5 tredje avsnitt siste setning. Dette inneber at særleg tredj parts interesser kan bli råka av eit positivt omgjeringsvedtak. Med tanke på at det er nesten to å sida vedtaket vart gjeve, så kan nye omsyn og nye rettslige/faktiske vurderingar gjere seg gjeldande i dag. Vi viser også til den konkrete skjønsmessige heilheitsvurderinga som er gjort i vedtaket for massane frå Storemyra som skulle transporteras på interne vegar, sjå side 5 siste avsnitt med. Følgjeleg vil reelle omsyn byggje opp under standpunktet at det ikkje kan søkjast unntak frå vilkåret om ikkje å nytte offentleg vegnett for massetransporten .

Det må søkjast ny dispensasjon for å kunne nytte offentleg vegnett for massetransport av lause jordmasser.

Vedtaket av 07.12.2015 gjeld reine masser frå Storemyra. Dette kan ikkje endrast til å gjelde reine masser frå nærområda til Mongstad utan ny dispensasjon. Dette fordi desse massane og konsekvensane av å flytte dei ikkje er vurdert av verken landbrukskontoret, regionale styresmakter slik som Fylkesmannen eller av administrasjonen/politikere. Det må gjerast ei konkret skjønsmessig heilheitsvurdering av tiltaket på det tidspunkt det vert søkt om ny dispensasjon for å kunne mota reine masser frå nærområda til Mongstad.

Det må søkjast ny dispensasjon for å kunne mota reine lause jordmasser frå nærområda til Mongstad.

Når det gjeld den allereie etablerte landbruksvegen over Litleåsen, så er det presisert i vedtaket side 3 annet avsnitt at eit ferdig vegsystem vil ha sine klare fordelar som driftsveg for landbruket og som turveg samt vere til nytte for BKK ifm. ettersyn av kraftlinjer. Det ferdige interne vegnettet har følgjeleg store fordelar for både landbruk, almenda og BKK. Kostandane tiltakshavar har hatt med veggen er langt på veg utjamna med dei fordelane den ferdigstilte veggen representerer, også for tiltakshavar sjølv som driv landbruk, sjølv om veggen ikkje kan nyttast til sitt opprinnelege føremål som er massedeponering av lause jordmasser.

VEDTAK:

Søknad om dispensasjon frå vilkår i dispensasjon i sak 15/2269 av 30.08.2017 vert avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement. .

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon frå kravet om reguleringsplan og arealføremålet for å planere dyrka mark - gbnr 1264 Hope

Kopi til:

Ove Herland	Mongstadvegen 826	5955	LINDÅS
-------------	----------------------	------	--------

Mottakarar:

Ove Herland	Mongstadvegen 826	5955	LINDÅS
-------------	----------------------	------	--------